


## GARBORGSENTERET SKULEÅRET 2015/2016

Garborgsenteret tilbyr pedagogiske opplegg til skuleklassar. Opplegga er tilpassa læreplanane på dei ulike trinna, og gir innføring i emne som på ulike vis er knytte til ekteparet Garborg.



Sjå vedlagt oversikt over opplegga me tilbyr heile skuleåret. I tillegg til dei faste tilboda, vil me i avgrensa tidsrom tilby opplegg knytt til skiftande utstillingar:

### **6. november 2015 – mai 2016: BERGTATT**

UTSTILLING OG UNDERVISNINGSOPPLEGG OM FOLKEDIKTING OG OVERTRU

KOSS VAR FORFATTARPARET GARBORG PÅVERKA AV FOLKEDIKTINGSTRADISJONEN?

### **For bestilling eller spørsmål, kontakt:**

skule@garborg.no

Jorunn Osland, museumslektor (tlf: 905 05 186)

# TILBOD TIL VIDAREGÅANDE SKULE

## ROLLESPELET "STRID"

STRID er eit interaktivt spel for 12-20 deltakarar. Det varer i omlag 90 minutt. Spelet skal gje deltakarane innblikk i mellom anna bruk av media, språk og ikkje minst deltaking i demokratiet.

## INTRO TIL GARBORG

Me ser først ein kort film som introduserer Arne og Hulda Garborg sine liv og virke. Deretter blir det tid til å sjå seg om i utstillinga.

## SPRÅK OG POLITIKK

Innføring i bakgrunnen for den norske språksituasjonen, framveksten av to skriftspråk og kva det betyr for oss i dag. Gjennom aktivitetar og diskusjon gjer me sjumilssteg gjennom kva 300 års språkutvikling betyr for dagens språksituasjon.

## AKTIVITETSLØYPE

Elevane blir kjent med Arne og Hulda Garborg gjennom ei aktivitetssløype. Dei skal bruka utstillinga til å løysa ulike oppgåver, og får innblikk i kor vidt nedslagsfelt ekteparet Garborg faktisk hadde. Litteratur, språk, politikk, religion og nasjonsbygging er sentrale stikkord.

## ARNE GARBORG OG SPRÅKETS MUSIKK

Korleis greier nokre tekstar å fenga og inspirera? Kva var det med Haugtussa som fekk Edvard Grieg til å seia at "musikken allereie er komponert. Man behøver bare å skrive den ned". Opplegget er todelt, foredrag og skrivekurs.

## LIKESTILTE?

Gjennom praktiske oppgåver får elevane utforska problemstillingar rundt kjønnsrollar og likestilling. Kva faktorar er med på sosialisera oss inn i kjønn? Kva påverkar likestillinga i yrkeslivet?

## OMVISING I GARBORGHEIMEN OG KNUDAHEIO

### Tilbod knytt til skiftande utstillingar:

6. nov. 2015 – mai 2016: BERGTATT

Utstilling og undervisningstilbod om folkedikting og overtru

For bestilling eller spørsmål, kontakt [skule@garborg.no](mailto:skule@garborg.no), eller Jorunn Osland, museumslektor (tlf: 905 05 186)

